LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Knut Willie Jacobsen
Garvik
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 11.09.2019 |
| Vår: 19/2279 - 19/27262 | knut.bjornevoll@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon og varsel om forlenga sakshandsamingsfrist for flytebrygge - gbnr 123/59 Risa

| | |
| --- | --- |
| Tiltak: | utviding av flytebrygge |
| Byggjestad: | Gbnr: 123/59 |
| Tiltakshavar: | Lindås Båtforening |
| Ansvarleg søkjar: | Knut Willie Jacobsen |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.08.2019.

**Forlenga sakshandsamingsfrist**
Sakshandsamingsfristen er i utgangspunktet 12 veker .Tiltaket må ha løyve etter hamnelova før kommunen kan gje igangsettingsløyve eller løyve i eitt trinn etter Plan- og bygningslova (PBL). Vi varslar med dette om at sakshandsamingsfristen vert forlenga med den tida det tar til Bergen og omland farvannsforvaltning har gjort sitt vedtak.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

**Ansvarsrettar – delt handsaming**
Søknaden manglar opplysningar om ansvar for utføring. Då har de to alternativ:

1) Dersom de ber skriftleg om handsaming av søknad om rammeløyve, kan ansvar for denne delen venta til søknad om igangsettingsløyve.

2) Dersom de vil ha handsaming etter PBL i eitt trinn, må ny gjennomføringsplan sendast inn, saman med ansvarserklæring.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.10.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Knut Bjørnevoll<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Knut Willie Jacobsen | Garvik | 5912 | SEIM |
| Lindås Båtforening | c/o Olav Magnus Steinsland Grønfjellet 3 | 5955 | LINDÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Knut Willie Jacobsen | Garvik | 5912 | SEIM |
| Lindås Båtforening | c/o Olav Magnus Steinsland Grønfjellet 3 | 5955 | LINDÅS |